



Saksframlegg

Arbeid og aktivitetstilbud til personar med nedsett funksjonsevne

Utval	Utvalssak	Møtedato
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Bakgrunn for saka:

Den 12.12.2024 var saka: Arbeid og aktivitetstilbud til personar med psykisk utviklingshemming til politisk handsaming og kommunestyret fatta fylgjande vedtak:

Det blir innarbeid to millionar i auka lønsbudsjett frå 2025 i sektor for helse og omsorg grunna auka behov for tenester for funksjonshemma. Ein går vidare med alternativ 3 som arena for arbeid, investeringa blir innarbeid i investeringsbudsjettet for 2025 med dekning frå auka konsesjonskraftinntekter.

Vidare utvikling av dagtilbod for utviklingshemma vert innarbeid i den framtidige helse og omsorgsplanen.

Alternativ 3 frå saka er fylgjande:

Med bakgrunn i kommuneøkonomien har ein også sett på ei midlertidig løysing som vil gje eit greitt tilbod til brukarar slik at ein klarer å skape eit skile mellom privatliv og arbeid for brukarar. Det må også vere eit tilbod som kan vere ein felles arbeidsplass der ein på sikt ser for seg at ein kan skape eit sosialt arbeidsmiljø etter kvart som det kjem fleire brukarar. Denne løysinga vil kunne nyttast til fleire brukarar og vil vere eit fullgodt tilbod med unntak av at bygget og fasilitetane rundt det har ein anna standard med denne løysinga enn med anna dyrare alternativ.

I høve til bygg tenker ein her ein isolert hall på 100 kvadrat med tilhøyrande brakke som inneheld wc, pauserom og te-kjøkken. Plate for den isolerte hallen bør også regnast med. Prisanslag for dette ut i frå dialog med leverandør for hall er 400 000kr, ei bruka brakke vil ligge på om lag 60 000kr og støyping av isolert plate vil ligge på ca. 250 000kr. Ein bør velje og støype isolert plate med ein gong sidan ein då ved seinare anledning vil kunne sete opp ana type bygg på same plate.

Ein ser også for seg at både noverande brukar og også framtidige brukarar vil kunne bidra inn i andre delar av organisasjonen med oppgåveløysing, blant anna knytt til oppgåver innanfor teknisk, i samråd med personell som fylgjer opp på dei ulike oppgåve. Dette vil med stor sannsynleg het vere oppgåver som elles vert nedprioritert av teknisk som eks rydding av tre

eller bidra med vedlikehald i Hamaren. På den måten skaper ein også eit tverrfagleg samarbeid mellom dei ulike sektorane i tråd med samfunnsdelen.

Estimert pris for dette alternativet er: 700 000 kr

Positivt med dette alternativet vil vere at kostnadane på tilbodet er sett opp mot den økonomiske situasjonen i kommunen og ein legg opp til auka grad av tverrsektorielt samarbeid som er i tråd med samfunnsdelen. Det vil også vere eit tilbod som dekker det mest nødvendige. Ulemper med dette kan vere at dersom ein har behov på sikt for meir enn 3 brukarar så kan det medføre at ein må endre eventuelt utvide.

Etter eit oppslag i VTB fekk Fyresdal kommune fylgjande henvending frå Røde Kors den 09.01.2025

Vi tek kontakt etter å ha lest om eit nytt og spanande prosjekt i VTB. Det er kjempepositivt at det blir eit slikt tilbod!

I samband med dette prosjektet ynskjer vi å undersøkje moglegheiter for å samarbeide om fundamentet som skal støypast for hallen. Kunne det vere mogleg å utvide den støpte plata noko, slik at vi kan byggje eit klubblokale for Fyresdal Røde Kors anten på same plate eller at det blir støypt ei plate i nærleiken?

Vi har lenge vore på jakt etter eit lokal som kan fungere både som varmt lager, møte- og kurslokale og kvileplass ved aksjonar/oppdrag.

Det er heilt sjølvstøtt at vi skal bidra økonomisk til dei ekstra kostnadene ei slik løysing måtte medføre.

Vi håper kommunen ser verdien i våre forslag og er villig til å diskutere dette nærare med oss. Vårt ynskje er å styrke både arbeidet til Røde Kors og kommunen sine tilbod til innbyggjarane på ein måte som gagnar alle parter. Vi set stor pris på dykkar tid og vurdering, og vi stiller gjerne til eit møte for å drøfte dette vidare.

Fyresdal kommune var svært positive til å etablere eit samarbeid med Røde Kors, og inviterte derfor Røde Kors inn til eit møte.

Etter eit positivt møte, relatert til å få i gang eit samarbeid, vart det etablerte ei arbeidsgruppe som skulle jobbe vidare med prosjektet.

Arbeidsgruppa besto av kommunalsjef plan og teknikk, kommunalsjef helse og omsorg, avdelingsleiar teknisk, dåverande konstituert avdelingsleiar i TTF samt representantar frå Røde Kors. Tillitsvalte og vernetenesta var og involvert i prosessen.

Det vart gjennomført fleire møter med Røde kors. Vi diskuterte oss fram til ein modell med tydeleg ansvarsfordeling.

Kva som var kommunen sitt ansvar samt kva som var Røde kors sitt ansvar. Røde Kors skulle så søke eksterne midlar for å kunne realisere sin del av prosjektet.

Proessen gjekk sin gang og kommunen venta på tilbakemelding frå Røde Kors i høve til framdrift. Vi etterspurde fleire gonger.

Den 28.08 25 fekk vi ein Mail frå Røde Kors der dei informerte om at dei dessverre måtte legge desse planane bort på ubestemt tid.

Arbeidsgruppa hadde då eit møte for å diskutere vegen vidare etter desse nye opplysningane. Arbeidsgruppa bestemte å legge denne saka litt på is for å kunne utgreie saka vidare samt i påvente av ferdigstilling av helse og omsorgsplan. Som skal legge føringar for dei framtidige helse og omsorgstenestene i Fyresdal kommune.

Dette vart informert om i Formannskapet

Kommunedirektør har i ettertid fått kritikk frå kommunestyret for ikkje å ha informert kommunestyre om desse vurderingane. Dette er beklageleg og det blir derfor laga ei ny sak.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

- Individuelle tilpassa tenester for alle aldersgrupper
- Legge til rette for førebygging i alle livsfasar
- Tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorar og kommunegrenser
- Kva er viktig for deg? er førande for individuell brukarmedverknad

Helsedirektoratet skriv i veiledaren:

«**Gode helse og omsorgstjenester til personar med utviklingshemming**» fylgjande :

«Kommunen skal legge til rette for at personer med utviklingshemming har mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre.

Kommunens arbeid med å legge til rette for meningsfull aktivitet for den enkelte krever stor faglig bredde med involvering av flere faggrupper. Kommunen skal legge til rette for at den enkelte deltar i og mestrer dagliglivets gjøremål.

Dagliglivets gjøremål skal forstås bredt, og omfatter blant annet:

- personlig hygiene, innkjøp, matlaging, husarbeid
- samvær med familie og venner
- arbeid eller et aktivitetstilbud på dagtid
- fysisk aktivitet
- holde seg orientert og være aktiv ut fra eget engasjement og interesser
- deltakelse i fritidsaktiviteter, kultur- og musikkaktiviteter, tros- og livssynssamfunn, politikk og samfunnsliv
- transport

Arbeids og aktivitetstilbud på dagtid blir også nevnt som eit punkt i helsedirektoratets veileidar.

Det er fleire måtar og løyse dette på. Det er også fleire moment som må vurderast når ein skal ta stilling til kva som vil vere det beste alternativet på kort og lang sikt. Det er imidlertid viktig at ein ser heilheten og ein må sjølvstendig ta omsyn til både kostnader, kvalitet og sårbarhet i høve til både brukaren og for personell som skal fylgje opp.

Når det gjeld denne brukargruppa så må ein vere bevisst på kva konsekvensar det kan få både for brukaren sjølv, men også for personell som fylgjer opp.

Ein må imidlertid vere klar over at dersom eit tilbod ikkje fungerer for menneske i denne brukargruppa kan konsekvensane bli store og utgiftene mykje større. Det kan gjere seg gjeldande med utagering og påfylgjande behov for meir personell knytt til den enkelte brukar eller generellt nedsett helse og livskvalitet.

Dette er brukerar som i stor grad er avhengig av forutsigbarhet og trygge rammer.

Ein skal møte den enkelte brukar individuelt då opplevelse av mestring er svært viktig, som det også kjem fram av helsedirektoratets veileidar «**Gode helse og omsorgstjenester til personar med utviklingshemming**»:

«I utformingen av den enkeltes tjenester skal det legges til rette ut fra individuelle forutsetninger som alder, kognitive evner, kultur- og språkbakgrunn, etnisitet, deltakelse i trossamfunn, kjønnsidentitet og erfaringer. Tilbudet må ellers ta utgangspunkt i tjenestemottakers mål, ressurser, interesser, ønsker og individuelle behov. Tjenestene skal legge til rette for mestring av de aktiviteter som er viktige for den enkelte i dagliglivet.»

I praksis betyr dette at det i stor grad er faglege vurderingar som ligg til grunn for dei tiltaka som blir sett i verk med den enkelte brukar. Det er nødvendigvis ikkje tråd med det befolkninga elles oppfattar og tenker vil vere gjennomførbart for den enkelte.

Å vurdere den enkelte brukar sitt intellektuelle funksjonsnivå er ei oppgåve som høyrer til spesialisthelsetenesta og treng ikkje vere foreinleg med fysisk funksjonsnivå.

Vidare må tiltak vurderast saman med brukar sjølv i høve til interesser og andre individuelle behov samt dialog med foreldre eller verge. Det er komplekse og heilhetlege vurderingar som ligg til grunn.

Evaluering av dagens tilbod:

I påvente av prosessen med å få eit meir permanent arbeidstiltak på plass vart det oppretta eit midlertidig tilbod. Fyresdal kommune inngjekk ei avtale med MHM om å leige areal på Molandsmoen for å kunne utføre vedproduksjon.

I fyrste omgang inngjekk kommunen avtale for eit halvt år, men utvida dette etter kvart som vi såg at det var hensiktsmessig å utgreie dette meir. Dette for å kunne ha betre tid til å evaluere korleis tilbodet fungera for brukar i praksis samt ha fokus på at kommunen i framtida har behov for eit variert tilbod til fleire brukarar.

Det har kome ein rekke tilbakemeldingar på korleis dette arbeidstiltaket/ dagtilbodet har fungert, det er mykje meiningar og mykje synsing. Leiinga hadde derfor behov for å kartlegge korleis tilbodet fungerer både for brukar og dei tilsette. Vi hadde behov for eit faktagrunnlag. Det er derfor, saman med alle tilsette som jobbar fast med brukaren, gjennomført ei risiko og sårbarheit analyse (ROS- analyse). Risikovurdering av arbeidstiltak til enkeltbrukar, vald/ truslar og uheldige psykiske belastningar.

Gjennom ROS- analyse er det kartlagt ulike problemstillingar relatert både til både brukar og tilsette. Fyresdal kommune har som arbeidsgjevar eit ansvar for dei tilsette sin arbeidskvardag dette var derfor ein del av ROS analyse.

Arbeidets plassering, organisering og tilrettelegging:

Fast arbeidsplasslokasjon fungerer ikkje for denne brukaren. ROS analyse visar at det er utfordrande både for brukaren sjølv, andre brukarar samt dei tilsette.

Det er tydeleg at brukaren fungerer best åleine med tilsett med arbeidsoppgåver der det ikkje er element som forstyrrar fokuset. Brukaren treng stor grad av variasjon i arbeidet, det optimale hadde vore å kunne tilby ein rekke ulike arbeidsoppgåver.

Arbeidsoppgåver som gjev variasjon til brukar samtidig som ein tek omsyn til at dei tilsette har ulike utgangspunkt for ulike oppgåver.

Arbeidstilbodet skal ta utgangspunkt i teneste mottakars mål, ressursar, interesser, ynskjer og individuelle behov.

Fyresdal kommune må derfor vurdere i ein større samanheng både med tanke på økonomi, ressursbruk og tilgjengeleg faglært kompetanse kva arbeidstilbod som er hensiktsmessig over tid.

Konklusjon:

Det er for denne brukaren og andre framtidige brukarar ein skal organisere eit tilbod .

Vi må tenke langsiktig og ut i frå eit heilhetleg perspektiv knytt til både økonomi, kvalitet for brukar og kommunens målsetningar.

ROS analyse vi har gjennomført peikar på at vi må vurdere om Fyresdal kommune har nok faglært kompetanse for fylgje opp det komplekse rundt denne brukargruppa.

Dei økonomiske rammene vege opp mot tilbodet som blir gjeve, og krava vi har på oss til å drifte effektivt og godt er viktig. Sjølv med god økonomi inn i tilbodet, så er utfordringane rundt mangel på personell og aktuell kompetanse så kritisk, at det ikkje går ann å kjøpe seg ut av krisa.

Den største utfordringa framover blir tilgang på arbeidskraft, og vi må fokusere på å rekruttere fagkompetanse for at eit tilbod skal vere faglag forsvarleg og berekraftig.

Det vart i kommunestyret den 12.12.2024 løyvd kr 700 000 til eit dagtilbod som og var midlertidig, alternativ 3 i saka. Grunna at det var midtvinters og det ikkje var mogeleg å iverksette det praktiske arbeidet som er beskrive i alternativ 3, fekk vi igangsett eit tilbod med å leige plass hjå MHM.

For å vurdere om eit tiltak virkar må det prøvast ut. Det har vi no gjennomført og evaluert med ROS analyse, som beskrive i saka.

Eit større og meir omfattande framtidig tilbod til fleire må jobbast inn i forbindelse med helse og omsorgsplan. Tilbodet må vere berekraftig, langsiktig og kunne favne om fleire ulike brukargrupper både i høve til behov, og alder og funksjon.

ROS analyse peikar på det komplekse rundt denne brukargruppa. Det må sjåast i samanheng med faglege krav til forsvarlege tenester og arbeidsmiljølovens føringar relatert til tilsette.

Desse ulike problemstillingane er ein indikasjon på at vi har behov for å utrede saka vedrørande arbeids og aktivitetstilbod vidare.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Det midlertidige aktivitetstilbodet oppretthaldast slik det er i dag inntil det er gjort avklaringar rundt kva for framtidig tilbod som er best for brukaren og tilsette.

Kommunedirektøren arbeidar inn forslag til organisering av aktivitetstilbod til ei brukargruppe som har behov for slike tilbod i helse og omsorgsplanen som kjem til handsaming i kommunestyret innan sommaren 2026.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Anne Veum
	kommunalsjef HO